




Vannregion **Rogaland**

# Årsrapport 2018

## – Ryfylke vassområde



Godkjent av Ryfylke vassområdeutval 24.04.19

# INNHALD


1. Om vassområde.....	3
Innleiing.....	3
Vassområdeutvalet .....	3
Arbeidgruppa og vasskoordinator.....	4
1.2 Korleis har vassområde jobba i 2018 .....	5
Auka kunnskapsgrunnlaget .....	6
Sjøaureprosjekt .....	8
Vasskraft.....	8
Møteverksemd og representasjon .....	8
1.3 Økonomi .....	10
Vasskoordinator .....	10
Prosjektregnskap.....	11

# 1. OM VASSOMRÅDE

## Innleiing

Ryfylke vassområde består hovudsakleg av kommunane Kvitsøy, Rennesøy, Finnøy, Forsand, Strand, Hjelmeland, Sauda, Suldal, og deler av Gjesdal og Odda. Mindre deler av Vinje, Bykle, Sirdal og Stavanger kommune ligg og innanfor vassområdet. Yttergrensa for vassområde følgjer altså ikkje kommunegrenser, men tek utgangspunkt i nedbørsfelt.

I tråd med vassforskrifta skal vassområde arbeide for å «...sikre helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene» (§-1). Vidare skal ein sikre at alle vassførekomstar minst skal oppretthalde eller oppnå god økologisk og god kjemisk tilstand. Dette krevje aktiv samordning og målretta prioritering av tiltak og verkemiddel mellom berørte sektorar og myndigheter.



Hovudpåverknad i vassområde er vasskraftregulering, sur nedbør og jordbruk. Renseanlegg, spreidde avløp, industri, habitatøylegging med meir, er også gjeldane. I svært mange vassførekomstar er miljøtilstanden vurdert utan basis i faktiske data, men i stor grad basert på opplevd tilstand eller ei påverknadsanalyse. Innhenting av kunnskap er difor høgt prioritert i noverande tiltaksfase for å betre kunnskapsgrunnlaget.

Det er satt miljømål for alle vassførekomstar fram mot 2021. Standard miljømål etter vassforskrifta er enten «god tilstand» eller «svært god tilstand». Ein del vassførekomstar har fått utsett frist til anten 2027 eller 2033, då det ikkje ses som mogleg å oppnå eit minimum av «god tilstand» innan 2021.

## Vassområdeutvalet

Vassområdeutvalet utgjør styringsgruppa for prosjektet har det overordna ansvaret for å leie og koordinere arbeidet, syte for nødvendig politisk avklaring og fastsette dei årlege rammene for aktivitetane. Noverande vassområdeutval blei konstituert i 2017. Leiar er Lin-Veronica Jacobsen.

Oversikt Ryfylke vassområdeutval:

Kommune:	Representant	Vara
Finnøy kommune	Henrik Halleland	Kai Petter Flesjø
Forsand kommune	Bjarte Sveinsvoll Dagestad	Tore Hans Mikkelsen
Gjesdal kommune	Harald Bernt Dirdal	Jan Andreassen
Hjelmeland kommune	Bjørn Laugaland	Sven Gil Westersjø
Kvitsøy kommune	Jon Kristian Sande	Torhild Djup
Odda kommune	Nils Petter Rabbe	Lars O. Seim
Rennesøy kommune	Eva Jakobsson (nestleiar)	Dagny S. Hausken
Rogaland fylkeskommune	Lin-Veronica Jacobsen (leiar)	Bjørn Ove Hersdal
Rogaland fylkeskommune	Trine Danielsen	Knut Atle Seim
Sauda kommune	Geir Bjarne Tveit	Tor Andreas Michalsen
Strand kommune	Karl Stokka	
Suldal kommune	Magne Langeland	Klara Holmestad Nerheim

## Arbeidgruppa og vasskoordinator

Denne gruppa består av administrative fagfolk frå kvar av kommunane i vassområdet. Fleire av kommunane har berre mindre areal/utfordringar i vassområde og stiller på møte ved behov. Arbeidsgruppa utarbeider framlegg til tiltak og arbeidsoppgåver som skal gjennomførast på vassområdenivå. Viktig er og å skaffe faglege informasjon. Arbeidsgruppa rapporterer til vassområdeutvalet.

Jarle Lunde er vasskoordinator og drifstar vassområdet. Stillinga er på 50% og blei oppretta hausten 2016. Stillinga er finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen (50 %). Koordinator er tilsett av Suldal kommune og har kontorstad på Sand.

Oversikt over medlemmer i arbeidsgruppa:

Bykle kommune	Sigrid Bjørgum
Finnøy kommune	Silke Ullrich
Forsand k.	Rune Idsøe
Gjesdal kommune	Asgeir Kleppa
Hjelmeland kommune	Torborg Kleppa
Kvitsøy kommune	Anne Marit Eikeland
Odda kommune	Torstein Backer-Owe
Rennesøy kommune	Geir Helge Rygg
Sauda kommune	Øyvind Ljung
Stavanger kommune	Kristin Bringedal
Strand kommune	Trond Leirflåt
Suldal kommune	Ole Martin Dahle
Vinje kommune	Dorthe Huitfeldt

Ørjan Simonsen  
Nono Dimby  
Jarle Lunde

Fylkesmannen i Rogaland  
Fylkesmannen i Rogaland  
Vasskoordinator

Mandat og arbeidsoppgåver i vassområde blei vedteke i arbeidsutvalet 12.juni -2017 ([last ned her](#)).

## 1.2 KORLEIS HAR VASSOMRÅDE JOBBA I 2018

I mars 2018 vedtok Vassområdeutvalet «Arbeidsplan for Ryfylke vassområde 2018». I denne er det oppført ei rekkje aktivitetsmål. Status er gitt nedanfor.

Aktivitetsmål 2018		Status
Auka kunnskapsgrunnlaget	Tilstandsundersøking i Mosvatnet (Suldal), Nessavatnet (Hjelmeland) og Høletjernet/Eretjeret (Strand)	Gjennomført, sjå tekst
	Tilstandsundersøking i Bogsfjorden (Suldal), Fårasundet, Hidlesund nord, Hidlesund sør, Nådasundet (Finnøy), Klostervågen og Dysjalandsvågen (Rennesøy).	Gjennomført, sjå tekst
	Undersøking av elvemusling i Ereviksbekken (Fylkesmannen)	Utsatt til 2019
	Starte ei kunnskapskartlegging av sjøaure og ål	Starta, sjå tekst
	I dialog med Hydro utarbeida eit utgreiingsprogram for Røldal-Suldal	Gjennomført, sjå tekst
Informasjon og medverknad	Orienterer/presenterer arbeidet i Ryfylke vassområde i relevante politiske utval i dei mest sentrale kommunane	Delvis gjennomført, sjå tekst
	Oppdatere Ryfylke sitt område på vannportalen.no	Kontinuerleg arbeid
	Gjere vassarbeidet kjent og gi rom for medverknad frå rettighetshaverar, allmenne og private interesser	Kontinuerleg arbeid, sjå tekst
	Gjennomføre møter i arbeidsgruppa (4-5) og vassområdeutval (2)	Gjennomført
Generell oppfølging og rapportering	Bidra til at alle tiltak (med unntak av der det er gjeve utsetting) oppført i regionalt tiltaksprogram blir operative.	Starta, dels gjennomført
	Involvere kommunalt tilsette innan plan, landbruk og avløp tettare i arbeidet med vassforskrifta.	Starta
	Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget i vann-nett og gje innspel til Fylkesmannen	Gjennomført
	Rapportere om kommunal tiltaksgjennomføring i vann-nett	Gjennomført

## Auka kunnskapsgrunnlag

Regionalt tiltaksprogram viser kva som må gjerast for å sikre tilstrekkeleg høg økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstane som står i fare for å ikkje nå miljømåla. Dei delar av tiltaksprogrammet som kommunane har ansvar for gjeld i hovudsak ureining av elvar og innsjøar frå landbruk og avløp. For dei fleste av desse vassførekomstane har kunnskapsgrunnlaget vore for mangelfullt til å velje effektive avbøtande tiltak. I desse tilfella er det problemkartlegging som er tiltaket. I 2018 har vassområde derfor fortsatt med tiltak for å auka kunnskapsgrunnlaget.

I regi av vassområde/kommunane er følgjande tilstandsovervaking gjennomført. Resultata frå undersøkingane har styrka kunnskapsgrunnlaget og vil bli nytta i vassområda sitt vidare arbeid for å betre den økologiske tilstanden i vassførekomstane.

### Overvaking av innsjøar i Ryfylke vassområde 2018

For å styrke vurderingsgrunnlaget ble det i 2018 gjennomført ei undersøking for å kartlegge eventuelle effektar av organisk belastning og eutrofiering i tre innsjøar. Dette var Nessavatnet (Hjelmeland), Mosvatnet (Suldal) og Erekeret /Høletjerna (Strand). NORCE ved Åge Molversmyr gjennomførte undersøkinga.



Totalt sett indikerer resultata frå undersøkinga at Mosvatnet hadde svært god økologisk tilstand, Nessavatnet god tilstand og Høletjerna dårlig tilstand med tanke på eutrofiering. Dette er basert på planteplankton som kvalitets-element, og fysisk-kjemiske støtteparameter medfører ikkje endring i denne tilstandsfastsettelsen. Totalt sett viser undersøkinga at ein må sette i verk tiltak ved vassførekomsten Høletjerna for å nå miljømåla.

[Rapporten finn du her.](#)

### Undersøking av kystvassførekomstane

I ei felles overvaking har Ryfylke og Haugalandet vassområde fått utført ei undersøking av utvalde kystlokalitetar. Den ble gjennomført av Fishguard Miljø avd. Bergen.

Denne undersøkinga presenterer resultata knytt til økologisk tilstand for botnfauna i Haugesund og Ryfylke vassområde. Fokuset var på tersklar og innelukka fjordområder kor det var mistanke om organisk belastning, men det har mangla data for å kunne bekrefte den eventuelle påverknaden.





I Ryfylke varierte tilstandsklassen mellom moderat til svært dårlig, sjå tabell. Dei moderate til svært dårlige tilstandsklassane speglar det faktum at vassførekomstane har grunne tersklar med dårlig utskifting av botnvatn og høg tilførsel av organisk materiale, med hovudvekt av artar som rekna som opportunistar og forureiningsindikatorar. Inndelinga av artar knytt til økologisk gruppering (NSI) og organisk påverknad skilje likevel ikkje mellom opphavet til den organiske påverknaden, altså om den kjem frå avløp eller frå landbruk.

Rapporten vil bli tilgjengeleg i vann-nett under kvar vassførekomst.

Kommune	Vannforekomst	Stasjon	Tilstand bunndyr
Sveio/Haugesund	Viksefjorden	Viks	V- Svært dårlig
Tysvær	Førlandsfjorden Ytre	Før-Y	III-Moderat
Tysvær	Førlandsfjorden Indre	Før-I	IV-Dårlig
Tysvær	Vågen	Våg-V	IV-Dårlig
Bokn	Boknasundet	Bokn-N	II-God
Bokn	Bokansundet	Bokn-S	II-God
Rennesøy	Klostervågen	Klos	V- Svært dårlig
Rennesøy	Dysjalandsvågen	Dys	III-Moderat
Suldal	Bogsfjorden	Bog	III-Moderat
Suldal	Økstra fjorden	Økstra	III-Moderat
Finnøy	Fårasundet	SJ 1	III-Moderat
Finnøy	Hidlesundet Nord og Sør	Hid-N	III-Moderat
Finnøy	Nådasundet	St 2a	IV-Dårlig

Tabell. Oppsummering av resultata frå botndyrundersøkinga.

[Rapporten finn du her](#)

### Andre undersøkingar

I 2017 fekk vassområde undersøkt ei rekkje bekkar og elver. Ein av desse var Nordelva i Sauda. Her har me i 2018 fått gjennomført ei oppfølging. Cowi har hatt dette oppdraget. På grunn av tørke i sommar og ein våt haust har feltarbeidet ikkje gitt fullgode svar. Undersøkinga vil forsette i 2019, innanfor vedtekne rammer.

Det er gjennomført fleire andre aktuelle undersøkingar i vassområde i 2018 i andre sin regi. Det er mellom anna gjennomført fiskeribiologiske undersøkingar og sluttrapprtering for Ulla og Førreåna (Statkraft). Rambøll har gjennomført ei økosystemovervaking i kystvatn.

Aktuelle rapportar og data for vassforskriftarbeidet blir lagt inn i vann-nett av Fylkesmannen.

## Sjøaureprosjekt

Det er i 2018 lage ei projektskisse for eit prosjekt der ein ønskjer ei kartlegging og kartfesting (Temakart Rogaland) av elvar og bekkar med sjøaure. Å få ein oversikt over alle sjøaureføreande bekkar vil kunne gi eit betre grunnlag for kommunane å ivareta desse i utbyggingssaker. Samstundes vil ei grovkartlegging kunne avdekke behov for nærare undersøkingar og behov for tiltak i tråd med vassforskrifta sine føringar. Kartlegginga vil vere eit samarbeid med dei lokale foreiningane av NJFF samt andre lokale ressurspersonar.

Det blei hausten 2018 søkt om 100 000,- til prosjektet frå dei fylkeskommunale vassforvaltingsmidlar. Dette blei løyvd.

Det er oppretta ei styringsgruppe for prosjektet der Ryfylke vassområde, Fylkesmannen og NJFF er representert. Det blei i første møte vedteke å utvide prosjektet til å gjelde for heile Rogaland.

## Vasskraft

I regional plan for vassforvaltning<sup>1</sup> blir vassdraga Ulla og Førreåna prioritert for vilkårsrevisjon. For Røldalsvassdraget blir behov for kartlegging og tiltak prioritert.

Suldal, Hjelmeland og Bykle kommune sendte krav om vilkårsrevisjon til NVE i februar 2018. NVE har sendt kravet til Statkraft for kommentar med frist ut februar 2019. I kravet er det ei rekkje tiltak som vil kunne betre miljøtilstanden i dei regulerte vassdraga, bl a miljøtilpassa vassføring og biotopjusterande tiltak i Ulla, Førreåna og Tyssø. Ein krevje og tiltak i Suldalslågen for å betre tilstanden for anadrom fisk.

Når det gjeld Røldal-Suldal underteikna Suldal og Odda kommune sommaren 2018 ein avtale om eit utgreiingsprogram med Hydro. Undersøkingane har starta, blant anna fiskeundersøkingar i alle magasin. I anadrome strekningar vil ein ha ein miljødesign tilnærming. Odda og Suldal kommune førebur krav om vilkårsrevisjon i 2019.

I Årdalvassdraget blir det gjennomført habitatforbetrande tiltak i sideelver. NJFF-Rogaland samarbeider her med Lyse.

## Møteverksemd og representasjon

---

<sup>1</sup> «Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016-2021»



### **Arbeidsgruppa og vassområdeutval**

Arbeidsgruppa hadde tre møter i 2018, vassmiljøutvalet hadde to, og i tillegg hadde me eit fellesmøte om hausten. Referat og andre saksdokument frå møta er tilgjengelege på Ryfylke vassområde sitt område på vannportalen.no, [sjå her](#).

Vasskoordinator har i tillegg vore på synfaringar og i møte i dei fleste sentrale kommunane.

### **Andre møter/presentasjonar**

Vassdragskoordinator har delteke på følgjande samlingar/seminar.

- Revisjonsseminar, LVK, Oslo (19.okt)
- Tiltaksseminar, Sandnes (10. okt.)
- Sjøaureseminar, NJFF-Rogaland (13.-14.okt.)
- Sluttrapportering for Ulla-Førre undersøkingane, Statkraft (juni)

Vasskoordinator har i 2018 vore i følgjande politiske utval og fortald om vasstilstand og vassarbeidet:

- Suldal, LMT-utvalet (26.april)
- Hjelmeland, Areal og forvaltningsutvalet (3.mai)
- Sauda kommunestyre (12.sept.)
- Rennesøy, Hovudutvalg for plan, miljø og utvikling (24.okt.)
- Strand kommunestyre (12.des.)
- Rogaland vassregionutval

Vasskoordinator har i tillegg hatt føredrag for/på:

- Folkemøte i Røldal om miljøundersøkingar i Røldal-Suldal (dels i anna stilling)
- FNF-årsmøte, om vilkårsrevisjonar i Ryfylke (dels i anna stilling)
- NJFF-Rogaland (sjøaureseminar), om kartlegging av sjøaure i Ryfylke
- Suldalslågen forvaltningslag, om revisjonsprosessen og tankar om eit fagråd for Suldalslågen

Vasskoordinator har i tillegg deltatt på fleire møte for å drøfte organisering, prosess, arbeidsmåte og konkrete problemstillingar, samt vore på feltarbeid og med media.



Vassarbeidet har i 2018 vore synleg i lokalmedia.

## 1.3 ØKONOMI

### Vasskoordinator

Avtale om arbeidsgivaransvar for vasskoordinator er inngått mellom Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune. Gjeld 50 % stilling til og med utgangen av 2019. Kostnadsramma er 400 000,-. Stillinga finansierast i eit spleiselag mellom Rogaland fylkeskommune, staten ved Miljødirektoratet og kommunane i vassområde: Finnøy, Forsand, Hjelmeland, Rennesøy, Sauda, Strand og Suldal.

## Prosjektrekningskap

Vassregionutvalet i Rogaland behandla 30.03.2017 sak om fordeling av statlige midlar. Det blei vedteke at kr. 290 000,- blir fordelt til kvart av dei fire vassområda i vassregionen. «Beløpet skal brukes til tiltak eller kartlegging (kunnskapsforbedring), som er prioritert i regionalplan og regionalt tiltaksprogram for vannforvaltning 2016-2021.» Det går fram av fjorårets godkjende årsrapport korleis desse midlane er brukt. Det var ein rest på 137 025,- som ikkje var nytta. Det blei vedteke at vasskoordinator i samarbeid med arbeidsgruppa kunne disponere desse midlane i 2018 til tiltak eller kartlegging. Midlane er ikkje nytta.

**Det blir føreslått at vassområdet sine restmidlar, 137 025,- kan disponerast av vasskoordinator i samarbeid med arbeidsgruppa, i samsvar med nemnde vedtak i Vassregionutvalet i Rogaland.**

### Prosjekt i 2018

Tilstandsovervaking av Mosvatnet (Suldal), Nessavatnet (Hjelmeland) og Høletjernet/Eretjeret (Strand) er gjennomført i 2018. Undersøkinga er finansiert jfr tidligare vedtak i vassområdeutvalet i sak 11/17.

I ei felles overvaking har Ryfylke og Haugalandet vassområde fått utført ei undersøking av utvalde kystlokalitetar. Den ble gjennomført av Fishguard til ein kostnad av 430 800,- (u/mva). Prosjektet er fullfinansiert av statlege vassforvaltningsmidlar.

Ryfylke vassområde har i 2018 starta oppfølging av tidligare undersøking av Nordelva i Sauda. Denne vil fortsette i 2019. Kostnad er 113 000,- (u/mva) og blir fullfinansiert av statlege vassforvaltningsmidlar.

Ryfylke vassområde har starta eit sjøaureprosjekt i 2018. Det er løyvd 100 000,- til prosjektet frå Rogaland fylkeskommune.

### Prosjekt 2019

#### Førebels prosjektplan:

- Sjøaureprosjektet og kartlegging av Nordelva fortsetter.
- Som del av sjøaureprosjektet ønskjer ein i 2019 å få gjennomført ei fagleg tiltaksretta undersøking av gode potensielle sjøaurebekkar i Suldal og Sauda. Det er søkt om delfinansiering frå Fiskefondet. Andre moglege finansieringskjelder er statlege vassforvaltningsmidler, Rogaland fylkeskommune og lokale fiskefond i Sauda og Suldal.
- NINA har på vegne av Ryfylke vassområde søkt om midlar til å undersøke for elvemusling i Leirangbekken i Forsand (ikkje Lerangsbekken). Bakgrunnen er at Cowi fann eit juvenilt individ

her i 2017 når dei undersøkte bekken for bunndyr og påvekstalger på oppdrag av vassområde.

- Det er ønskelig å få undersøkt ein vassførekomst på Idsal i Strand.
- Oppfølging av utgreiingsprogrammet i forhold til Røldal-Suldal.
- Bedring av miljøtilstand i Klostervågen gjennom å betre vassutskifting (mudring). Det er søkt om midler frå Miljødirektoratet i 2019.